

# Prekenverkstedet



Den Norske Israelsmisjon

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 17.søndag i treeningstida – 11. september 2016

Preiketekst: Mark 5,35-43

Lesetekst I: Esek 37,1-5+10-14

Lesetekst II: Fil 2,10-26

## Oppstoda og livet

### Dagen og tekstane

Denne dagen har fått tilnamnet "Påskedag om hausten". Tekstane minner oss om han som er oppstoda og livet. Dette er også det gjennomgåande temaet i dei tre tekstane til denne søndagen. Frå *Esekiel-boka* får vi dette gåtefulle, men flotte avsnittet om det synet profeten hadde, om dei døde knoklane som fekk sener, kjøt og hud, ved Guds ord. Og meir: som fekk ånd og liv, ved Guds ord. Og frå *Filipparbrevet* om liv og teneste ved Guds ord og gave. Dramatisk og flott er forteljinga i preiketeksta frå *Markusevangeliet* om korleis Jesus vekker opp dotter til Jairus.

### Ritualisert sorg

Det ligg mest eit snev av triumf i framstillinga her, i og med at Jesus kjem med mild refsing av deira rikt utforma rituale for sorg og klage.

Vi ser litt av det også i våre dagars bilete frå Midt- Austen, korleis dei gret og jamrar, klamrar seg til båra, og nærast trygler den døde om å gi respons på deira klage og sorg.

Dette var regelfast og vanleg på Jesu tid: Dei skulle riva sund klede sine, og gå med sundrivne klede ein heil månad etter dødsfallet. Regelverket innebar at dei unngjekk usømeleg påkledning, men det var ganske intens sørging i ulike former for gråt, fløytespel og andre ytringar. Det var til ein viss grad "profesjonalisert", med gråtekoner og sørgeritualar.

Elles er det lett å tenkja at denne situasjonen vi har her har vore sørgeleg og trist nok i seg sjølv, og at sorga kunne vera ekte nok.

Det er nok den ritualiserte sorg-ytringa Jesus stansar, med nesten latterliggjering. «Kva er det de ståkar og græt for? Ho er jo ikkje død, ho søv.»

Dei lo av han.

Og då: dei forstod lite av kvarandre sin 'agenda'.

Det er Jesu møte med dødens realitet. Livet møter døden.

### Sorga vert møtt av håp

Situasjonen er altså ikkje lett å oppfatta som anna enn uklar og tvetydig.

Men Jesus tek fatt i situasjonen. Merk at det er hans mektige tiltale som er utgangspunktet i dette underet som skjer: "talita kumi". Han taler "livets ord i dødens verden". Dette er nok det sentrale i teksta, trur eg.

### Kontrast

Elles kan vi leggja merke til den påfallande kontrasten mellom folkets sorg og fortvilning, og Jesu ro og tryggleik.

Tenk, søv! Dei såg jo, og visste at ho var død. Men på Jesu rop og kommando sto ho opp. Det er her, som det var med Lasarus, og andre. Det underfulle, og ubegripelege, at den som var død, kunne høyra og lyda den guddommelege kommando om å stå opp til livet! Forklar det!

### **Sjølve underet**

Er det ikkje dette som er sjølve underet? At livet kan ta over, der døden herskar. At Jesus kan tala sitt allmektige ord så myndig og maktfullt, at "døden må vika for Gudsrikets krefter" (Salme nr. 209). Og så er det vel viktig, at vi ikkje vert verande bare i denne forteljinga, og i den underfulle dagen. Men får med oss at dette understrekar og forkynner hans makt og vilje til å tala livets ord i dødens verden også i dag. Han gir liv og håp også til oss.

### **Han kan og vil**

Lat oss difor venda oss til han. For han kan. Og vil. Tala livets ord også til oss, og i vår tid. Det krevst ikkje at vi forstår alt dette. Men vi vert kalla til tru og takk, også denne dagen. For det gjeld oss også. Han ikkje bare sto opp, og lever, han for sin del. Men han er oppstode og liv, håp og framtid, for alle som kjem til han. Og dei to siste versa i teksta, v.42 og 43, understrekar det livsnære og realistiske i dette underet. Taleforbudet, som vi kjenner frå andre samanhenger også, understrekar at det ikkje var sensasjon han var ute tter. Men det ekte, stille underet, til trøyst, tru og takk. Og så synte han at ho hadde vendt tilbake til eit ekte liv, ved å syta for at ho fekk mat til styrke og næring for det kvardagslivet ho var vekt opp til å leva.

**Ole Gunnar Sæbø**

Pensjonist

[o.g.sabo@online.no](mailto:o.g.sabo@online.no)